



Johanne Øvstebø Tvedten og Maria Malmsten er klare for Tvedt-framføringa på Rød neste søndag.

Under den tradisjonelle Museumsdagen på Rødtunet neste søndag blir det eitt kulturelt høgdepunkt: Ei dramatisering ved Johanne Øvstebø Tvedten og Maria Malmsten av noko av det mest sentrale i Jens Tvedt si heimstad-dikting.

Tvedten som munnleg formidlar og Malmsten som syng mezzosopran framfører 'Madli und' apalen', som tek 50 minuttar.

Både denne romanen og 'Guds løn' handlar om husmannskona Madli. Romanane av Tvedt, som var frå Omvikdalen, skildrar gripande og fargerikt kvardagen i ei kvinnheradsbygd kring forrige århundreskiftet.

Øvstebø Tvedten seier det slik:

- Bøkene skildrar både lyse og mørke sider ved livet:

Tronge kår, men også omsorg og arbeidsfellesskap. Fornuftsekteskap og sosiale skilnader, men også varm kjærleik og lukke. Lengting og von, svik og sorg. Politikk og kvinnesak. Og heile tida er både komikk og gudvendt ålvor med i skildringa.

Øvstebø Tvedten er undervisningsleiar ved Sunnhordland Museum. Ho har laga ei munnleg forteljeframføring av bøkene til Tvedt.

Songaren Maria Malmsten, mellom mykje anna kjend som dirigent for Røysterett for alle, skildrar stemningar og hendingar i framføringa gjennom stev og folketonar frå Skandinavia. Nokre har ho laga sjølv.

Deler av programmet vart framført i Tvedt-stova i Omvikdalen for nokre år sidan.

Av Ola Matti Mathisen